

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

MELDING OM VEDTAK

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
10/3753-6/HALI	A02 &71		28.10.2010

NOU 2010:7 MANGFALD OG MEISTRING - FLEIRSPRÅKLEGE BARN, UNGE OG
VAKSNE I OPPLÆRINGSSYSTEMET

Utval for kultur og levekår behandla i møte 27.10.2010 sak 33/10. Det vart gjort slikt vedtak:

Utval for kultur og levekår vedtek høyringsuttalen til NOU 2010:7 jnr 10/3753.

Sendt som e-post til postmottak@kd.dep.no

Med venleg helsing
Gol kommune

Tone Modalen
For
Hallvor Lilleslett
rektor

Gol kommune

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

MØTEBOK

Saksnr. 33/10

Arkivsaksnr.: 10/3753

Arkivkode: A02 &71

Saksbehandler: Hallvor Lilleslett

Saksnr.:	Utvalg	Møtedato
33/10	Utval for kultur og levekår	27.10.2010

NOU 2010:7 MANGFALD OG MEISTRING - FLEIRSPRÅKLEGE BARN, UNGE OG VAKSNE I OPPLÆRINGSSYSTEMET

Generelle saksopplysningar:

Politisk behandling i: UKL

Vedtaksorgan: UKL

Saksdokument:

1. NOU 2010:7 Mangfold og mestring. Flerspråklige barn, unge og voksen i opplæringssystemet.
2. Høyringsbrev frå Gol kommune

Dokument nr. 2 fylgjer som vedlegg.

Saksopplysningar:

Kunnskapsdepartemenet har invitert kommunane til å kome med høyringsuttale om NOU 2010:7 Mangfold og mestring. Flerspråklige barn, unge og voksen i opplæringssystemet.

Overordna plan:

Miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomi:

Ingen

Vurdering:

Det er ein god rapport som det er viktig at også kommunane gjev tilbakemeldingar på. Rapporten omfattar alle sidene ved opplæringa, også barnehagane. Dei fleste av tiltaka som blir føreslegne i høyringsbrevet er gode, og vil styrke integreringsarbeidet. Dette går også fram av høyringsuttalen frå Gol kommune. Særleg gjeld dette innføring av eiga vekting i av minoritetsspråklege barn i skulealder i inntektssystemet og at minoritetsspråklege i aldersgruppa 16-18 år bør inn som faktor i inntektssystemet.

NOU 2010:7 gjer framlegg om at ungdom utan rett til vidaregåande opplæring får ein betre rett til grunnskuleopplæring for vaksne, og at introduksjonsprogrammet kan gjerast tre-årleg for desse deltakarane. Vi meiner dette er viktige tilpassingar til det som er behova, slik vi erfarar det.

Når det gjeld norskopplæring for minoritetsspråklege, stør vi utvalet si vurdering om at timetalet blir auka til 600 timar plikt. Reglane om tre års frist må endrast til at opplæringa må vera påbegynt innan eitt år etter at rett og plikt gjeld.

Vi viser elles til høyringsuttalen.

Framlegg til vedtak:

Utval for kultur og levekår vedtek høyringsuttalen til NOU 2010:7 jnr 10/3753

Gol, 1.10.10

Hege Mørk
Rådmann

Hallvor Lileslett
rektor

Utval for kultur og levekår behandla saka den 27.10.2010, saksnr. 33/10

Behandling:

Avd. leiar Wenche Olsen informerte.

Bård Flataaker Hagen, FrP sette fram følgjande framlegg: *Utval for kultur og levekår vedtek høyringsuttalen til NOU 2010:7 jnr 10/3753, og gir samtidig fullmakt og ønskjer ei grundigare utgreiing om tema barne – og ungdomsskole.* Framlegget fekk 3 røyster. Forslagsstillar, Tom Rune S. Blakkestad, H, og Kristin Bakke Haugen, SP, røysta for framlegget. 4 røysta mot. Forslaget vart nedstemt.

Vedtak:

Utval for kultur og levekår vedtek høyringsuttalen til NOU 2010:7 jnr 10/3753.

Læringscenteret Gol vaksenopplæring

Gol barnehage

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
A02 &71	10/3753 - 2 - HALI		30.09.2010

SVAR - NOU 2010:7 MANGFALD OG MEISTRING - FLEIRSPRÅKLEGE BARN, UNGE OG VAKSNE I OPPLÆRINGSSYSTEMET - HØYRING

Hovudperspektiva i høyringsdokumentet:

Vi stør utvalet sine konklusjonar og vil særleg understreke følgjande:

- Økt deltaking av barn med minoritetsbakgrunn i barnehagen gjennom gratis tid (20t/u) for alle barn og utfasing av kontaktstøtta.
- Utvikling av eigna kartleggingsverky for både språkmiljø og minoritetspråklege enkeltbarn i barnehagen tilpassa barnehagen sin eigenart og barnet sitt behov.
- Det er viktig med innføring av nasjonale standarder for innføringsklassar før overgang til ordinær undervising.
- Elevar skal kunne få særskild språkopplæring i norsk også etter at ordinær undervising er igangsett. Dette er viktig for å unngå fråfall i vidaregåande opplæring.
- Innan alle fag må det arbeidast systematisk med norskfaget. Elevar med anna morsmål enn norsk vil ha behov for at det blir arbeidd med norsk munnleg og skriftleg i alle fag i samsvar med Læreplanverket.
- Det må stimulerast til auka samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar med omsyn til overgang mellom grunnskule og vidaregåande skule, og forholdet mellom grunnskule og vaksenopplæring.
- Vi stør vurderingane om auka satsing på grunnskuleopplæring for deltakarar i Introduksjonsprogram
- **Det er bekymringsfullt at mange innvandrarar ikkje er omfatta av retten til gratis norskopplæring. Mellom anna er alle EU borgarar ikkje omfatta av denne retten.**

6.3. og 6.4. Økonomi

Rammetilskot til kommunar

Primært meiner vi det bør vere eit særtilskot eller øyremerka tilskot som skal nyttast til opplæring for minoritetsspråklege barn. Dersom norskopplæring for minoritetsspråklege barn skal vere inne i ramma, vil vi støtte utvalet si vurdering om at innvandrarbarn i aldersgruppa 1-5 år og 6-15 år blir lagt inn med eiga vekting i kostnadsnøkkelen.

Vaksenopplæring

Minoritetsspråklege elevar med liten skulebakgrunn blir ikkje fanga opp i dagens kriterium. Vi stør utvalet si vurdering i at aldersgruppa innvandrarar 16-18 år bør inn som faktor i kostnadsnøkkelen.

Vi stør utvalet sine framlegg til følgjande tiltak:

- Det må takast omsyn til at ressursbruken knytt til opplæring av minoritetsspråklege barn, unge og vaksen har vore for låg.
- Det bør innlemmast eit kriterium for minoritetsspråklege barn under 6 år
- Ny gjennomgang av kostnadsnøkkelen for grunnskulen
- Kostnadsnøkkelen må ta omsyn til grunnskuleopplæring for vaksne minoritetar

7. Barnehage og andre tilbod i førskulealder

Vi stør spesielt utvalet sine framlegg til følgjande tiltak:

- Departementet bør gi oppdrag om utarbeiding av støttemateriell til bruk i informasjons- og rekrutteringskampanjar for å auke barnehagedeltakinga.
- Ein meir ambisiøs pedagognorm må bli innført i barnehagen.
- Barnehagen skal arbeide aktivt med å fremme alle barn sin norskspråklege kompetanse. Barnehagen skal også støtte barn med anna morsmål enn norsk i bruk av sitt morsmål.
- Det bør fortsatt bli utvikla dokumentasjons- og kartleggingsverktøy for tospråklege barn.
- Det bør opprettes nye kompetansehevingsprosjekt for tospråkleg personell etter modell av NAFO sitt kompetansehevingsprosjekt for barnehagane *Språkleg og kulturelt mangfald i barnehagen*.
- Tilskuddsposten til tiltak for å betre språkforståing hos minoritetsspråklege barn i førskulealder bør bli auka i takt med talet på minoritetsspråklege barn.
- **Det bør bli mogeleg å gi tilskot også når barna bare har ein utanlandsk født forelder, men samtidig har begrensa tilgang på norske språkmodellar i heimen.**

9. Vidaregåande opplæring

9.3.3. Særskild språkopplæring

Det er viktig at retten til særskild språkopplæring etter opplæringslova §3-12 utløyser ei plikt for fylkeskommunen.

9.3.4. Rettane til ungdom som ikkje blir teke inn i vidaregåande opplæring.

Det er viktig at desse personane har eit reelt tilbod om grunnskuleopplæring etter §4A-1. Særskild språkopplæring § 4A-1 slik det er omtala i høyringsdokumentet, er ikkje nokon rett

i dag. Det er heller ikkje naudsynt å innføre ein slik rett. Dette blir ivareteke av retten og plikta til norskopplæring etter Introduksjonslova. Deltakarar som får tilbod om grunnskuleopplæring meiner vi må ha gjennomgått opplæring i grunnleggjande norsk i tråd med Introduksjonslova. (Det er defor vi også meiner deltakarar på introduksjonsprogram og grunnskuleopplæring må ha eit tilbod med Introduksjonsprogram over 3 år)

10. Innføringstilbod til seintkommne elevar

Vi stør utvalet si vurdering når det gjeld deltakarar som kjem seint i skuleløpet og som har lite utdanning frå før. Desse må ha eit tilbod om grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 4A-1 for ungdom. Det må gjelde personar som kjem i slutten av ungdomsskulen. Desse må få tilbod om å halde fram med grunnskuleopplæring etter denne paragrafen. Det er her viktigare å leggje til rette for eit kvalitativt godt tilbod i t.d. eit interkommunalt samarbeid enn at ein skal ta omsyn til nærskuleprinsippet.

Vi stør utvalet sitt framlegg til endring av opplæringslova §2-1

”Ungdom med rett og plikt til grunnskuleopplæring etter denne paragrafen her kan, når det ligg føre særlege grunnar, i staden få grunnskuleopplæring etter §4A-1”

Tilskotsordningane må stimulere til interkommunalt samarbeid i små kommunar. Hallingdal har god erfaring med interkommunalt samarbeid på dette området, men finansieringa av tiltaka er ei utfordring.

Vi stør ikkje utvalet si tilråding om at denne opplæringa skal gå føre seg på vidaregåande skule. I kommunal vaksenopplæring er språkoppplæringa sett i godt system, og ein har brei erfaring i undervisning av minoritetsspråklege. Grunnskuleopplæring for vaksne omfattar også etnisk norske. For at det skal vera elevgrunnlag, både av økonomiske og pedagogiske omsyn, er det viktig at gruppene ikkje blir for små. Slik opplæring må difor gå føre seg i regi av og på dei kommunale vaksenopplæringsentra, men i samrbeid med ungdomsskule og vidaregåande opplæring.

11. Opplæring organisert for vaksne etter opplæringslova

Stønad til livsopphald er avgjerande om minoritetsspråklege kan sjå seg råd til å gjennomføre grunnskule og deretter vidaregåande opplæring. Vi stør difor utvalet sitt framlegg om at stønad til livsopphald i form av stipend i staden for lån frå Statens Lånekasse.

Vi stør utvalet si vurdering om at timetalet blir auka til 600 timar plikt. Reglane om tre års frist må endrast til at opplæringa må vera påbegynt innan eitt år etter at rett og plikt gjeld. Kommunane sin plikt bør justerast tilsvarande; det skal bli gitt tilbod om opplæring innan eitt år. Ideelt sett bør alle deltakarar kunne starte opp ved semesterstart i august.

I dag er det mykje arbeid med rapportering. NIR-systemet har dårleg funksjonalitet. Vi er skeptiske til eit opplegg som krev meir rapportering. Ressursane må i større grad kunne nyttast til gjennomføring av norskopplæring og anna integreringsarbeid.

12. Introduksjonsordninga og opplæring i norsk

Det er viktig som utvalet seier, å sjå nærare på forholdet mellom grunnskuleopplæring og introduksjonsordninga. Vi opplever det som eit problem i dag at deltakarar berre får

introduksjonsprogram i 2 år dersom dei også er deltakarar på grunnskuleopplæring. Grunnskuleopplæring går over 2 år. I forkant av dette må deltakarane ha ferdigheiter i grunnleggjande norsk. Vi står difor innspelet om 3- årlig introduksjonsprogram, for deltakarar som har grunnskuleopplæring som ein del av introduksjonsprogrammet. Eit slikt tilbod må i hovudsak vera retta inn mot yngre deltakarar. Det er viktig at det blir teke høgde for naudsynt finansiering av introduksjonsstønad som kommunane skal gje, og at det blir teke omsyn til dette i dei statlege overføringane til kommunane. Det hjelper ikkje med rett til grunnskuleopplæring for denne gruppa om det ikkje samstundes er ein rett til stønad til livsopphald.

For at unge innvandrarak skal lukkast i det norske samfunnet, er det som eit minimumskrav at dei har fullført grunnskuleopplæring, og helst vidaregåande opplæring.

Små kommunar er jamnt over gode i integreringsarbeidet. Det er viktig at det også framover kan leggjast til rette slik at det blir teke omsyn til små kommunar sine behov. Mellom anna er det viktig å stimulere til interkommunalt samarbeid.

Nærskuleprinsippet må ikkje overstyre behovet for kvalitativ god og systematisk norskopplæring og grunnskuleopplæring for vaksne. Vaksne (eldre enn 16 år), må ikkje bli sett i ein slik situasjon at dei må gå samane med barn og yngre på same skule.

Når det gjeld fritidsaktivitetar m.m., så er dette viktig for integreringa. Dette er ei oppgåve som flyktningetenesta i dei ulike kommunane må få midlar til å prioritere høgare. Det er ikkje ei oppgåve for vaksenopplæring.

Hege Mørk
Rådmann

Wenche E. Olsen
avdelingsleiar barnehage

Hallvor Lilleslett
rektor